



VEDSESONG: ATS har mykje ved på lager og utkøringa er smått igang. ? Det er lurt å vera tidleg ute med bestillinga, seier Odd Atle Stegegjerdet, Lars Magnar Stegegjerdet og Gøran Sjølie af Geijerstam. Foto: Kai Martin Brekke

Vedsesongen er i gang

På ATS er vedlageret stappfullt: Det minkar fort når utkøringa startar.

Kai Martin Brekke

[E-post](#)

Publisert 14.08.2012 kl 20:30 Oppdatert 14.08.2012 kl 20:30

Hausten er det vedlevering mykje handlar om på ATS i Gaupne. 2012 er ikkje noko unntak.

– Me hadde trudd at den store auken i bruk av varmpumper skulle gje utslag, men det har me ikkje merka noko til. Folk vil framleis ha ved til oppvarming, seier dagleg leiar Odd Atle Stegegjerdet.

Tørr og fin

Han er rask til å beklaga at ikkje alle fekk tipp topp ved under regnvêrshausten i fjor.

– Veden likte ikkje det fuktige vêret, og medførte at kundar fekk ved som burde vore betre, seier Stegegjerdet. Det lovar han ikkje blir noko problem i år.

Tok grep

– Me ønskte ikkje å koma opp i ein liknande situasjon og tok nokre grep, mellom anna er det sett opp ei stor mengd med telt. I år har me ved med høg kvalitet, det er det folk vil ha, seier han.

Råstoffet hentar ATS i all hovudsak i nærmiljøet.

– Me tek ved lokalt. Først frå Luster, så går me vidare til Kaupanger. Det hender også at me får inn leveransar frå Hallingdal, seier Stegegjerdet, og fortel at ATS i år har sikra seg store mengder flott bjørk frå sørsida av Lustrafjorden.

Les meir i papirutgåva eller [e-avisa](#) tysdag.